



Naturens eigen haustsymfoni vert vakrare for kvar dag som går og det er ikkje så lett å avgjera kven som spelar vakrast. Men det er ein sterk kandidat på Neset, eit eiketre som snart er blodraudt og såleis skil seg frå andre eiketre i området her og også andre stader.

Eigaren meiner at forklåringa er at dette er eit poda tre. Andre meiner at det er ei upoda rødeik som kjem ifrå Amerika og som det no er mange av både i hagar, parkar og viltveksande langs kysten frå Østfold til Bergen.

Utan at vi er istand til å seie om den eine eller andre forklåringa er rett, slår vi i alle fall fast at eika minnar oss om amerikanske skogar no på haustparten. Dei er atskillig meir fargesprakande enn våre.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

